

for Utval for funksjonshemma

sak nr. 36-1986 i møte den 30.09.1986

Av 7

medlemer var 7

til stades (møtande varamenn medrekna)

**MOTTEKE**  
- 1 OKT. 1986  
Meland formannskapskontor

**SAK 36-1986: ARBEIDSTILBOD FOR FUNKSJONSHEMMA, YRKESHEMMA OG ARBEIDSLAUSE PERSONAR.**

A. Val av styringsform.

Formannen orienterte om framdrifta av arbeidet vedkommande val av styringsform.

**Vedtak, samrøystes:**

Utval for funksjonshemma sluttar seg til Arbeidsgruppa si tilråding og rår til at Formannskapet vel stiftelse som styringsform for verksemda.

Formannen tok så opp arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtekter. Det vart votert over framlegget, paragraf for paragraf. Under handsaminga av prgr. 5, sette Nyheim fram framlegg om følgjande tillegg (tillegget er understreka):

<...Styremedlemmane si funksjonstid er 2 år, men slik at halvparten av styremedlemmene vert valde kvart år.>

Ved avrøystinga fekk framlegget 3 stemmer, medan 4 røysta imot. Deretter fekk Arbeidsgruppa sitt framlegg 7 røyster.

**Vedtak, samrøystes:**

Utval for funksjonshemma rår til at Formannskapet godkjenner følgjande framlegg til vedtekter:

**Prgr. 1:**

Stiftelsen Meland Arbeidssenter er oppretta av:

- Meland Kommune
- Meland lokallag av Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemma.
- Meland lokallag av Norges Blindeforbund
- Meland Handikaplag
- Meland Helselag.

Navnet på verksemda skal vera Meland Arbeidssenter.

**Prgr. 2:**

Formålet er å gje arbeid til personar med ulike funksjonshemningar, yrkesvalhemma, arbeidslaus ungdom og andre.

Med arbeid meiner ein: ein arbeidsprosess, eller deler av ein slik prosess, som fører til verdiauke av eit produkt/tenester som skal ut på eit marked.

**Prgr. 3:**

Stiftelsen sine aktiva er innskot i lokala i Meieribygget, Frekhaug, med kr 230.000,-, dekkja ved følgjande tilskot:

Kr 218.000 frå Meland Kommune (til ominnreining og inventar i samband med oppstarting)

Kr 3.000 frå Meland lokallag av Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemma

Kr 3.000 frå Meland Lokallag av Norges Blindeforbund

Kr 3.000 frå Meland Handikaplag

Kr 3.000 frå Meland Helselag.

Til stiftelsen høyrer også dei gåvene som vert gjevne.

**Prgr. 4:**

Stiftelsen skal styrast etter dei reglane som til ei kvar tid gjeld for næringsdrivande stiftelsar.

**Prgr. 5:**

Stiftelsen vert leia av eit styre på 7 medlemmer.

Meland Kommune oppnevner 2 medlemmer.

Meland lokallag av Norsk Forbund for Psykisk Utviklingshemma oppnevner 1 medlem.

Meland lokallag av Norges Blindeforbund oppnevner 1 medlem.

Meland Handikaplag oppnevner 1 medlem.

Meland Helselag oppnevner 1 medlem.

Arbeidstakarane oppnevner 1 medlem frå dei personane som er nemnte i prgr. 2, første ledd.

Alle medlemmene har personlege vararepresentantar.

Styremedlemmane si funksjonstid er to år. Styret vel sjølv sin formann og varaformann. Formann og varaformann vert valt for to år.

**Prgr. 6:**

Styret held møte etter ein vedteken møteplan eller når formannen, to styremedlemmer eller dagleg leidar krev det. Styret er vedtaksfør når minst 4 medlemmer er til stades. Alle vedtak skal gjerast med simpelt fleirtal. Med likt stemmetal har formannen dobbel røyst.

**Prgr. 7:**

Styret er ansvarleg for leiinga av stiftelsen i samsvar med gjeldande lover og regelverk. Styret tek inn, og fastset løn for, arbeidstakarar som fell inn under prgr. 2 ved verksemda. Styret tilset personalet. Ved inntak og tilsettingar har dagleg leiar tilrådingsrett. Dagleg leiar har fullmakt til å ta inn arbeidstakarar for kortare tidsrom, inntil ein måned.

Styret skal syta for at det vert ført rekneskap over stiftelsen sine eignedeler og gjeld, inntekter og utgifter. Rekneskapen skal fylgja kalenderåret og skal avsluttast seinast tre månader etter utgangen av året. Styret er ansvarleg for at årsmelding, rekneskap og budsjett vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning til fastsett tid. Formannen i styret, eller den styret gjev fullmakt, har ansvar for alle ut- og innbetalingar.

**Prgr. 8:**

Verksemda skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar har ansvar for å leia verksemda i samsvar med stiftelsen si målsetjing og styret sine vedtak. Dagleg leiar har rett til å ta del i styremøta med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

**Prgr. 9:**

Styret har eigen sekretær. Sekretæren har ansvar for sakførebuinga for styret og skal syta for at vedtak vert gjort kjent for dei som dei vedkjem. Sekretæren har møteplikt på styret sine møter, med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

**Prgr. 10:**

Meland Kommune sin revisor er revisor for stiftelsen.

**Prgr. 11:**

Vedtektene for stiftelsen kan endrast av kommunestyret. Vedtektsendring treng 2/3 fleirtal.

**Prgr. 12:**

Dersom stiftelsen skal oppløysast, kan dette gjerast av kommunestyret. Vedtak om oppløysing krev 2/3 fleirtal. Stiftelsen si eiga vert å fordela til eigarane i høve til innskot.

**Merknad til prgr. 5:**

Ein syner til prgr. 7, som fastset at kommunestyret skal godkjenna årsmelding, rekneskap og budsjett. For å unngå at styret skal verta for stort, vert det gjort framlegg om at Meland Kommune berre oppnemner to representantar i styret. Men utvalet vil har forståing for eventuelle ynskje om sterkare representasjon frå kommunen si side. Første gong må valet gjelda for eit år - slik at ein kjem i takt med kommunen sine valperiodar.

**Merknad til prgr. 6:**

Regelen om simpelt fleirtal finn ein i Kommunelova prgr. 16 som hovudregel for kommunale avstemningar.

**Merknad til prgr. 7:**

Miljøarbeidaren som er tilsett i kommunen i dag, har sin arbeidsplass som dagleg leiar av verksemda, med Meland Kommune som arbeidsgjevar, slik vedkommande sjølv ønskjer.

B: Plan og budsjett for ombygging av det gamle meieribygget.

Teknisk sjef orienterte om teikningane og kostnadsoverslaget for ombygginga.

**Vedtak,** samrøystes:

Utval for funksjonshemma sluttar seg til framlegget frå Teknisk Sjef. Ein rår formannskapet til å godkjenne det.

C. Driftsbudsjett og inventarbudsjett.

(Under handsaminga av driftsbudsjettet overtok Henanger leiiinga av møtet. Unn Kolflaath sa seg ugild under handsaminga av den delen av driftsbudsjettet som handla om løn til instruktør.)

Framlegget frå arbeidsgruppa vart vedteke endra på eit punkt som galddt porto.

**Vedtak,** samrøystes:

Utvalet gjer framlegg om følgjande DRIFTSBUDSJETT:

Instruktør ltr..20	141.110	
Assistent 1/2 stilling ltr.17	62.274	
Reinhold	18.000	
Ekstrahjelp	8.000	
Pensjon: 7% av 221.384	15.497	
Arb.g.avg. 13.6% av 229.384	31.196	
Skyssutgifter	2.000	
	-----	
Samla løn og sosiale utgifter		278.077
Kontordrift		8.900
- rekvisita 900		
- telefon 5000		
- porto 1000		
- rekneskap/ revisor 2000		
Varme/ reinholdsmidlar		20.000
Husleige		25.000
Forsikring		2.000
Transportutg.		1.000
Materialer til arbeidet		8.000
Arbeidsløn/velferdstiltak		28.000
Løn 27.000		
velferdstiltak 1.000		
Samla bruttokostnader		-----
avgiftspliktig inntekt		370.977
		53.000
Netto kostnader		-----
		317.977
		-----



## KOMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET:

Driftsbudsjettet for 1987 er bygd på kostnadserfaring ved liknande verksemd.

### Løn/stillingar.

Lønsplassering av dagleg leiar ved verksemda er sett i same lønstrinn som instruktør ved liknande verksemd.

Ein vil rø til at det vert tilsett 1/2 stilling som assistent i tillegg til dagleg leiar. I det tilbodet kommunen gjev i dag er det fire arbeidstakarar. I nye, større lokaler er det høve til å ta inn fleire, under føresetnad av at dagleg leiar har assistent. Dessutan har dagleg leiar ansvaret for kundekontakt, førebuing, etterarbeid, og å møte i styret. For å få søkjarar med aktivitør-utdanning rår ein til at stillinga vert sett i ltr. 17.

### Løn/ekstrahjelp

Ekstrahjelp dekker vikar under sjukdom, kurs og liknande.

### Skyss

Her er det kalkulert reiseutgifter i høve kundekontakt o.l. for personalet.

### Transport:

Varetransport til og frå verksemda.

### Arbeidsløn/velferdstiltak.

Dei fleste som får arbeid ved denne typen arbeid, har ei eller anna form for trygd. Likevel får dei utbetalt løn pr. månad. Ein har rekna kr 450 kvar månad gjennom heile året pr arbeidstakar for fem arbeidstakarar. Velferdstiltak dekkjer kostnader til sumar/juleavslutning og liknande.

### Salsinntekter/produksjonsinntekter.

Ut frå salsinntekta i det noverande arbeidstiltaket er det realistisk å rekna med ei inntekt på kr 53.000. Den skal balansera mot løn, velferdstiltak og husleige.

**Vedtak, samrøystes:**

Utvalet gjer vidare framlegg om følgjande INVENTARBUDSJETT:

6 stk. Savo svingstol nr. 23 „Condeep“ nr. 5 á kr. 1.236 (a/s Skeie fabrikk)	= kr. 7.416,-
2 stk. industriarbeidsbord 250 x 100 cm. <sup>m</sup> /furuplate h. 85 cm (a/s Skeie fabrikk) á kr. 2.400	= kr. 4.800,-
1 stk. avlastnings/pakkebord 183 x 60 cm. <sup>m</sup> /furuplate og 1 stk. skuff (a/s Skeie fabrikk)	= kr. 2.400,-
Arbeidsbord til søm/vev Amon 30 150 x 80 cm. (Ikea a/s)	= kr. 420,-
2 stk. lagerhyller i tre 150 x 30 cm. á kr. 325,- + moms (A.J. produkter a/s)	= kr. 780,-
2 stk. lagerhyller i tre 150 x 50 cm. á kr. 445,- + moms (A.J. produkter a/s)	= kr. 1.068,-
Frittstående industrihylle i stål (Universalhylle) h. 2 m., l. 2425 cm, d. 75 cm. (A.J. Produkter)	= kr. 1.992,-
1 stk. arbeidsstol (suppleringsstol) (Ikea a/s)	= kr. 695,-
1 stk. arbeidslampe til skrivebord (Ikea a/s)	= kr. 150,-
1 stk. arbeidslampe til sybord, Tromb pendelarmatur, lengde 108 cm. (Ikea a/s)	= kr. 345,-
1 stk. hylle ved skrivebord Ivar , 179 x 30 cm. (Ikea a/s)	= kr. 385,-
3 stk. arbeidslamper Tromb pendelarmatur. Lengde 168 cm. (Ikea a/s) á kr. 375,-	= kr. 1.125,-
2 stk. bordvogner (A. J. Produkter) á kr.595,- + moms	= kr. 1.418,-
1 stk. arbeidspall, 970 mm høy (A. J. Produkter)	= kr. 396,-
Panel for verktøyoppheng med krokinnsatser (A.J. Produkter)	= kr. 480,-
1 stk. vekt postus 12 (A. J. Produkter)	= kr. 822,-
Div. lagerbokser/oppbevaringsbokser (A. J. Produkter)	= kr. 600,-
1 stk kaffetrakter	= kr. 500,-
1 stk. stumtjener	= kr. 282,-
Vinkelbord til skrivemaskin	= kr. 600,-
Skrivemaskin	= kr. 4.000,-
Regnemaskin	= kr. 511,-
Søppelstativ	= kr. 700,-

Støvsuger	kr 2.000,-
Telefon	kr 2.500,-
Diverse utstyr	kr 8.550,-
	-----
Samla inventarkostnader	kr 45.000,-
	=====

KOMMENTAR TIL INVENTARBUDSJETTET:

Inventarbudsjettet er bygd opp på grunnlag av røynsler frå liknande verksemd.

Rett utskrift.

Utval for funksjonshemma, Frekhaug 01.10.1986.

Sølvi Knudsen (S)  
form.

  
~~Haldegunn Hove~~  
sekr.

Går til Meland Formannskap.

MELAND KOMMUNE  
UTVAL FOR FUNKSJONSHEMMA

**SAK 36-1986: ARBEIDSTILBOD FOR FUNKSJONSHEMMA, YRKESHEMMA OG ARBEIDSLAUSE PERSONAR**

**A. Val av styringsform.**

Sakstilfang:

Sak 10-1986 i Arbeidsgruppa

Særutskrift av sak 10-1986 i Arbeidsgruppa.

Særutskrift av sak 13-1986 i Arbeidsgruppa.

Sekretæren sin kommentar til val av styringsform:

Som sakstilfanget viser, rår Arbeidsgruppa til at ein veljer stiftelse som styringsform. Grunngevinga for dette framlegget er mellom anna at ein då vil få eit frittstående, handlekraftig styre. Det ville vera uvanleg med såvidt store fullmakter til eit styre, dersom tiltaket vert organisert som ei rein kommunal verksemd. Det er også ein fordel å kunne integrere andre brukarinteresser slik som ein finn det skissert i prgr. 1 i framlegget til vedtekter.

Framlegg til vedtak:

1. Utval for funksjonshemma sluttar seg til Arbeidsgruppa si tilråding og rår til at Formannskapet veljer Stiftelse som styringsform for verksemda.
2. Utvalet godkjenner framlegget til vedtekter og legg det fram som Utvalet si tilråding til Formannskapet.

**B. Plan og budsjett for ombygging av det gamle meieribygget.**

Sakstilfang:

Skriv frå Teknisk Sjef av 29.08.86.

Planteikning for ombygging av Meieribygget og budsjett for ombyggingskostnadane (vert framlagde i møtet).

Framlegg til vedtak:

Utval for funksjonshemma sluttar seg til framlegget frå Teknisk Sjef. Ein rår Formannskapet til å godkjenna framlegget.

**C. Driftsbudsjett og inventarbudsjett.**

Særutskrift av sak 11-1986 i Arbeidsgruppa.

Framlegg til vedtak:

Utval for funksjonshemma sluttar seg til framlegget til driftsbudsjett og inventarbudsjett og rår Formannskapet til å godkjenna begge.



# MELAND KOMMUNE

UTVAL FOR FUNKSJONSHEMMA

MELAND SKULEKONTOR

5110 FREKHAUG - TLF. (05) 37 81 31 - 37 85 10

Arbeidsgruppa  
for lokalt  
arbeidstiltak

## SAK 10-1986: NY DRØFTING AV STYRINGSFORM FOR EIT LOKALT ARBEIDSTILTAK

Eit kommunalt arbeidstilbod for funksjonshemma har lenge vore drøfta i kommunen. Utval for funksjonshemma vedtok alt i sak 50-1985 å tilrå at styringsforma i eit arbeidstiltak skulle vera aksjeselskapsforma.

Arbeidsgruppa som vart oppnemnt av Utvalet til å arbeide vidare med denne saka, slutta seg i Arbeidsgruppa si sak 7-1986 i det vesentlege til overnemnte tilråding. Vedtaket vart sendt til Formannskapet den 19.06.1986.

Rådmannen bad om ein samtale med delar av Arbeidsgruppa for å få klårlagt grunngjevinga bak dette vedtaket. Møtet kom i stand på kort varsel og vart halde i kommunehuset den 31.07.1986. Dei som deltok var: Harry Wiig Andersen, Sølvi Knudsen, Unn Kolflaath, rådmannen og sekretæren for Utvalet. Det kom under møtet fram ein del problemstillingar vedkommande aksjeselskapsforma. Desse vert venteleg lagt fram skriftleg i møtet 03.09.1986.

Samtalen konkluderte med at to av dei som var til stades ba om at saka måtte handsamast på nytt i Arbeidsgruppa. Dersom Arbeidsgruppa gjer eit anna vedtak enn før, må saka truleg også handsamast på nytt i Utvalet.

### Oversyn over aktuelle styringsformer:

#### 1. Kommunal bedrift.

Denne styringsforma vil kunne innebera den næraste samarbeidsforma mellom arbeidstiltaket og kommunen sin administrasjon og dei folkevalde. Kommunen vil vera ansvarleg for tiltaket.

Kommunestyret kan velja eit styre eller ei styringsgruppe for arbeidstiltaket. Truleg burde ei slik styringsgruppe bestå av representantar frå arbeidstakarane, brukarane og kommunestyret.

Administrasjonen av arbeidstiltaket kan skje direkte ved formannskapskontoret. Eller det kan avtalast særskilt delegering av dette ansvaret. Budsjett og rekneskap kan først ved kommunekassa og vert underlagt vanleg kommunestyrehandsaming, truleg som vedlegg til kommunens budsjett- og rekneskapsdokument elles.

Tilsettingar kan enten skje direkte av tiltakets styre eller i den kommunale administrasjonsnemnd.

Hovudargumentet for ei slik styringsform vil truleg vere det nære samarbeid som kan oppnåast med dei eksisterande kommunale organ og den økonomiske og administrative tryggleik som det vil innebere.

#### 2. Kommunal stiftelse.

Lov om stiftelser forklarar omgrepet "stiftelse" slik:

<En stiftelse dannes ved at en formuesverdi ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig blir stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art.

Som stiftelse regnes også selvstendige legater, institusjoner og fond som private har opprettet.> (Prgr.2).

**Sluttmerknad:**

Siktemålet med Arbeidstiltaket må i alle høve vera å gje funksjonshemma arbeidstakarar eit meiningsfylt arbeid som kan gje løn i tillegg til trygd. Styringsforma som ein vel må gagna dette siktemålet best og må kunne gjennomførast så fort som mogeleg. Organisasjonsforma bør også utformast ut frå det omsyn at ein med tida tek sikte på å gå inn i eit interkommunalt arbeidssamvirke.

Uansett styringsform vil tiltaket vera avhengig av kommunalt tilskot og positiv haldning til arbeidstiltaket.

UTVAL FOR FUNKSJONSHEMMA, Frekhaug 01.09.1986.

Sølvi Knudsen  
leiar

Hildegunn Hove  
sekretær

Vedlegg 3  
sak 36/86

## Særutskrift av møteboka

for Arbeidsgruppa for lokale arbeidstiltak for funksjonshemma

sak nr. 10/86 i møte den 3.09.86

Av 5 medlemmer var 5 til stades (møtande varamenn medrekna)

SAK 10/86: Ny drøfting av styringsform for eit lokalt arbeidstiltak.

Vedtak, samrøystes: Arbeidsgruppa for lokale arbeidstiltak for funksjonshemma rår Utval for funksjonshemma til å velja Stiftelse som styringsform for det kommunale arbeidstiltaket for funksjonshemma, yrkesvalhemma og arbeidslaus ungdom. Arbeidsgruppa rår til at følgjande lag vert invitert til å gå saman med kommunen i stiftelsen:

Meland lokallag av NBF

Meland lokallag av NFPU

Meland handikaplag

Meland helselag

Sølvi Knudsen og sekr. for Utvalet får i oppdrag å leggja fram framlegg til stiftelsen sine vedtekter, som vert å leggja fram på arbeidsgruppa sitt neste møte.

Sølvi Knudsen (s)  
leiar

Hildegunn Høve  
sekr

MELAND KOMMUNE  
TEKNISK KONTOR  
5110 FREKHAUG  
TLF. 378052

JB/lsh  
Jnr. 1349/86  
A. 325.1

Arbeidsgruppa for lokale arbeids-  
tiltak for funksjonshemma  
v/Hildegunn Hove  
H e r.

Vedk. gammalt meieribygget - innreising til arbeidssenter for funksjonshemma.

Syner til vedtak i formannskapet 21.05.86, sak 89/86.

Teknisk etat har, i samråd med repr. for arbeidsgruppa, laga til plan og kostnadsoverslag for innreising av det gamle meieribygget. For å få kunna nytta lokala best mogeleg, må dei tidlegare kjøle- og fryseromma i meieriet takast i bruk til garderobe m.m. Det meste av dette rommet er disponibelt til lager for arbeidssenteret eller kan leigast ut til andre, dersom det vert sett inn ny dør til hovudlageret. Denne døra er ikkje medteke.

Rom i 2. etasje, unnateke ventilasjonsrom, kan ikkje nyttast til slik verksemd.

Samla kostnad, medrekna fast utstyr, kjem på kr. 173.220,-.

Om mogeleg bør arbeid setjast ut på tilbod. Dersom kommunen sine eigne folk skal gjera dette, vil det ikkje vera mogeleg å byrja før ved årsskiftet 1986/87.

Det bør vidare avklårast med RESI A/S kva som dei skal disponera. Etter teknisk sjef si meining, bør RESI A/S berre få leige det rommet som har direkte utgang på baksida, samt det rommet som isvatntanken stod i tidlegare, dvs. ialt 35 m<sup>2</sup>.

TEKNISK SJEF , 29.08.86

Jens Bjørdal

Vedlegg.